



Murmester Pål Villanger
Moldekleiv 69
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/718 - 16/6134

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

22.03.2016

Godkjenning - muring av pipe i løe på Moldekleiv, gbnr 27/4.

Administrativt vedtak. Saknr: 80/2016

Saksutgreiing:

Tiltak:

Pål Villanger har søkt om løyve til muring av pipe på løe på gbnr 27/4 i Meland kommune.
Det vert vist til søknad med vedlegg journalført 04.03.2016.

Vurdering:

Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla då omsøkt arbeid ikkje vil kome i konflikt med naboeigedomane, jf pbl § 21-3.

Plan- og lovgrunnlag:

Eigedommen ligg i kommuneplanen sin arealdel som LNF (landbruk-, natur- og friluftsmål). Omsøkt tiltak er ikkje i strid med arealformålet i kommuneplanen.

Ansvar:

Det ligg føre erklæring om ansvar som følgjer, jf pbl § 23-3:

Murmester Pål Villanger Org.nr 954 472 388	SØK – tiltakskl 1 UTF – tiltakskl 1, mure elementpipe
---	--

Utforming, utsjånad, utnytting, plassering, høgde:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagte teikning stempla godkjent 22.03.2016.

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-2.

Vedtak:

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-3 løyve til oppføring av pipe på løe på gbnr 27/4 på Moldekleiv, jf søknad journalført 04.03.2016.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Plassering av tiltaket skal vera som vist på vedlagt teikning stempla godkjent 22.03.2016.

Ansvar i saka følgjer av innsendt erklæring, jf vurderinga ovanfor.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

27-4 teikning

Kopi til:

Feiar Lindås

Mottakere:

Murmester Pål Villanger

Moldekleiv 69

5918

FREKHAUG